



Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/3198 - 15/34148

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

09.11.2015

Referat frå elevrådsmøte 30.10.2015

- 12-15/16 **Psykososialt skolemiljø**
Alle elevrådsrepresentantane har hatt friminutt oppe som sak i klassane.
Alle er positive til leikar/aktivitetar i friminutta. Det har kome forslag om fleire leikar/aktivitetar: Brentball, bomgøymsel, fun battle, tante Floke, capture the flag og innebandy i ballbingen. Det er få frå 7. trinn som har meldt seg som aktivitetsleiarar. To i 7B har sett seg disponibile til å vere aktivitetsleiar for fun battle. Fleire på 5. trinn vil gjerne vere lagleiar i fotball om det blir aktuelt.
- No har smashball-stativa vore i bruk nokre veker. Det har kome tilbakemeldingar om at elevar sit på ballen. Dette er ikkje greitt. Nokon ønskjer reglar for smashballen. Når 7. trinn spelar, varer kvart spel så lenge og det blir kø. Det kom forslag om at trinna skulle ha smashballen på eigne dagar for å få meir styring. Nokon ville og ha faste dagar på kanonballen. Etter litt fram og tilbake kom ein fram til at det er greitt at ikkje alt blir fordelt. No er fotballbana og ballbingen fordelt. Ein skal kunne ha aktivitetar på tvers av trinn. Nokon nemnte at smashballen er for hard å slå på. Her må ein tenkje på at ballane er nye og difor pumpa godt opp. Lufta vil gå litt ut etter kvart. Det kan vere lurt å nytte hanskar etc.
- Det er tydeleg at fleire ønskjer seg sparkesyklar/syklar i tillegg til hoppestokkar. No er det berre småtrinnet som får nytte dei skulen har i friminutta. Det blei diskutert om dette kunne vere noko elevrådet kunne bruke noko midlar på. Utandørs sjakkbrett står og på ønskjelista til fleire elevar.
- Det er viktig at elevar tar inn igjen ting dei har lånt frå utlånsboden. Ved nokre høve har annan skule som er her på bading bruk til dømes bordtennisrackerter. Nokre elevar seier at elevane ved den andre skulen tar seg litt for godt til rette. Her kan elevar i elevrådet vere litt ekstra på vakt om det skjer igjen.
- 13-15/16 **Profilering av elevrådet**

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Elevrådet ønskjer å synleggjere seg. Elevane ønskjer å lage plakatar med biletar av elevrådet og nokre punkt vedkomande kva elevrådet kan hjelpe elevar ved skulen med. Ein slik plakat vil dei hengje opp rundt om på skulen; i hovudvestibylen, i uglevestibylen, i trappegangane og ved dei andre inngangsdørene på skulen. Melkerommet blir og nemnt som ein plass det kan vere greitt å ha ein plakat hengjande. Hilde tar biletar av elevane og lagar ein mal for plakat. Elevar blir tatt ut for å ferdigstille plakatane.

14-15/16

Eventuelt

Det er ein del rot i gangane innimellom, spesielt i den gamle ungdomsskulegangen. Fleire elevar finn ikkje inneskoa sine innimellom. Desse finn dei langt frå der dei sette dei ifrå seg. Hilde har skrive e-post til alle lærarane om dette.

Det blir elevrådskafè fredag 20. november. Elevrådsrepresentanten i kvar klasse har fått bestillingsskjema. Dette skal inn mandag 16. november.

Med helsing

Hilde Marit Reigstad
inspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leif Bjørnar Hopland

Mottakarar:
Elevrådsrepresentantane